

Returadresse  
Pb. 4013 Ullevål Stadion  
0806 OSLO



## ARKIVVERKET

Radøy kommune	Dato	27.11.2018
v/ Anne Dahle Austrheim	Din ref.	
5936 MANGER	Vår ref.	2018/13702
	Sakshandsamar	PETKRI

### Agenda - arkivtilsyn i Radøy kommune 6.12.2018

Vi viser til varsel om tilsyn med Radøy kommune, og takkar for motteken dokumentasjon. Vi har sett opp slik dagsorden for tilsynet 6.12.2018:

#### **9.30 – 10.15: Oppstartsmøte**

Arkivverket gjer greie for bakgrunnen for og føremålet med tilsynet, gjennomføring og vidare oppfølging. Vi undersøker organiseringa av arkivarbeidet i kommunen, arkivansvaret, arkiv i interkommunale samarbeid, samt kommunereform.

Deltakarar: Rådmann, arkivleiar og IKT ansvarlig og evt. anna arkivpersonale/andre kommunen ønsker å ha med

#### **10.15 – 11.45: Tilsyn med arkivdanninga**

Intervju/samtale: Vi undersøker korleis arkivarbeidet og arkivbestanden er dokumentert i arkivplanen, og korleis rutinene fungerer i praksis. Det vil vere særleg fokus på elektronisk arkivdanning. I denne delen av tilsynet kjem vi bl.a. inn på:

- Arkivplan
- Oversikt over arkivbestand, arkivseriar, bortsette og deponerte arkiv
- Journalføring og dokumentfangst
- Rutiner
- Sak-/arkivsystem og fagsystem
- Kvalitetssikring og restansekontroll
- Periodisering



## ARKIVVERKET

- Bevaring og kassasjon

Deltakarar: Arkivleiar, systemansvarleg for Websak, IKT ansvarlig og eventuelt anna arkivpersonale

### **11.45 – 12.15: Lunsj**

#### **12.15 – 12.45: Arkivpraksis slik sakshandsamarar opplev det**

Intervju: Her ønsker vi å snakke med to sakshandsamarar som arbeider i Websak: Føremålet er å finne ut korleis kommunen sin arkivpraksis fungerer. Vi ber om at kommunen finn to sakshandsamarar, gjerne frå ulike område.

Deltakarar: To sakshandsamarar.

#### **12.45 – 13.15: Fagarkiv, fagsystem og arkivrutiner i NAV/sosialtenesta**

Intervju: Her ønsker vi å kartlegge arkivrutiner og praksis.

Deltakarar: NAV-leiar og systemansvarleg, samt arkivleiar.

#### **13.15 – 13.45: Befaring i arkivlokale**

Vi undersøker om kommunen sine lokale for bortsett arkivmateriale er i samsvar med krava i arkivforskriftene. Vi undersøker og om arkiva er ordna, pakka og listeført.

Deltakarar: Arkivleiar og evt. anna arkivpersonale.

#### **13.45 – 14.00: Pause - intern oppsummering for Arkivverket**

#### **14.00 – 14.30: Avslutning og oppsummering.**

Vi oppsummerer tilsynet. Her vil vi peike på utfordringar og mogelegheiter for betring.

Deltakarar: Rådmann, arkivleiar, IKT ansvarlig, evt. andre.

I tillegg til underteikna vil rådgjevar Marthe Rosenvinge Ervik delta frå Arkivverket.



## ARKIVVERKET

Ta kontakt dersom noko er uklart.

Med helsing

Pétur Kristjánsson  
seniorrádgjevar

Dokumentasjonsforvalting

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*